

Vår saksbehandlar: Mathias Myhrvold-Hanssen

Vår dato:  
06.06.2019  
Dykkar dato:  
04.06.2019

Vår referanse:  
2019/6602  
Dykkar referanse:

Meland kommune  
Postboks 79

5906 FREKHAUG

## Utbetalingsbrev våren 2019 - Vidareutdanning for lærarar - vikarordning og studieavgift

Statsbudsjettet for 2019 vart vedteke av Stortinget i desember 2018. Vedtaka går fram av Stortingets behandling av Innst. 12 S (2018-2019) og Prop. 1 S (2018-2019) for Kunnskapsdepartementet. Det blir også vist til informasjon om midlar til vidareutdanning for lærarar i 2019 til skoleeigaren (kommunar, fylkeskommunar og private og statlege skolar).

Utbetaling av vikarmidlar og ev. studieavgifter for våren 2019 er basert på:

- Skoleeigarens søknad om vidareutdanning for lærarar studieåret 2018/2019 i søknads- og oppfølgingssystemet.
- Resultatet av direktoratet si behandling av søknadene som vart offentleggjort 23. april 2018.
- Stadfestingar av skoleeigaren i søknads- og oppfølgingssystemet på at lærarane er tatt opp til studiet dei har søkt på, og takkar ja til å delta i vikarordninga. Vikarmidlar og eventuelle studieavgifter er berekna ut frå opplysningar om lærarane med status «Bekreftet fortsatt deltakelse vår», «Fullført studium» eller «Trukket etter studiestart» per 03.06.2019.

Oversikt over lærarane som har fått tilbod om vikarmidlar finn de i søknads - og oppfølgingssystemet på <http://komp.udir.no/extranet> under modulen «Vidareutdanning for lærere 2018». Grunnlaget for vårens utbetaling finn de på TAVLA.

Følgjande vil om kort tid bli utbetalt til Meland kommune til 15031883722:

Grunnlag	Antall/sum	Periode	Sats	Beregnet tilskudd
Vikarordning	696000,00	Jan-Jun	—	<b>696 000,00</b>
Studieavgift	5690,00	Jan-Jun	—	<b>5 690,00</b>
<b>Totalt:</b>	<b>701690,00</b>			<b>701 690,00</b>

Utbetalinga er merkt «Vidareutdanning for lærere våren 2019 - vikarordning og studieavgift». Merk at det er totalbeløpet under kolonnen «Beregnet tilskudd» som vil bli utbetalt.

Vikarbeløpet for lærarar som eventuelt er trekt etter studiestart er avkorta i tråd med når skoleeigar har registrert avbrotet i søknadssystemet. Skoleeigar får vikarmidlar til og med den månaden avbrotet blei registrert i søknadssystemet.

### Vilkår for utbetalinga

Vi minner om at tildelinga føreset at skoleeigar oppfyller dei sentrale vilkåra knytte til Kompetanse for kvalitet; dvs. at lærarane det gjeld tar vidareutdanning slik det er oppgitt i søknads- og oppfølgingssystemet, og blir frigjorde frå ordinære arbeidsoppgåver tilsvarande 37,5 % av full stilling

dersom ein skal ta 30 studiepoeng over eitt år. Dersom talet på studiepoeng avviker frå 30, skal tida læraren blir frigjord, justerast tilsvarande. Skoleeigar skal dekkje ev. resterande vikarkostnader ut over støttebeløpet frå staten, samt kostnader knytte til reise, opphald og læremiddel mv. Det er ikkje tillate å avvike frå dei sentrale vilkåra.

Mottakaren har plikt til å melde frå med ein gong til Utdanningsdirektoratet dersom grunnlaget for midlane blir endra eller fell bort. Midlane kan da trekkjast tilbake heilt eller delvis.

Utdanningsdirektoratet kan kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos mottakarar for å kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom Meland kommune ikkje har gitt riktige opplysningar, har brukt midlane i strid med føresetnaden, eller på anna måte har brote vilkåra for midlane, kan Utdanningsdirektoratet halde tilbake midlar eller krevje dei tilbake. Ved feil utrekning eller utbetaling av midlar kan det gjerast avrekning i påfølgjande tildelingar.

Vi viser dessutan til utbetalingsbrev for vikarmidlar hausten 2018.

For ytterlegare informasjon om ordninga viser vi til <http://udir.no/videreutdanning>

Med helsing

Anne Magdalena Solbu Kleiven  
avdelingsdirektør

Mathias Myhrvold-Hanssen  
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent.